- MAHF-LÆFR -Lektorutdanning med master i framandspråk, der spansk språk og latinamerikastudium kan vera fag 1 eller fag 2

Det er ingen valfrie emne i nokon av programma.

I tillegg har faget

- Lærarutdanning (tidlegare KfK) finansiert av Udir som tek opp om lag 55% lektorstilling. Det er uklart i kva grad det er obligatorisk for spanskfaget å gi desse emna og kor lenge det skal vara.
- Emna i årsstudiet ligg også ute som EVU-emne med online undervisning på ettermiddag. Desse emna gir om lag halvparten av studiepoenga faget produserer på 100-nivå og tek opp om lag 60% lektorstilling.

Forsking

Faget har i perioden eitt stort forskingsprosjekt, DARKLAX, leia av Ernesto Semán. Det er også søkt om eitt anna NFR-prosjekt der ein enno ikkje har fått svar. Det vil også bli søkt om eit ERC-prosjekt. Med ulike fagdisiplinar, er også forskingsinteressene til dei fem faste tilsette med forskingsdel i stillingane sine, ulike. Alle samarbeider med forskarar ved andre institusjonar i Noreg og i utlandet. Medan DARKLAX er tverrfagleg med rot i *environmental humanities*, forskar andre på tolking, omsetjing, litteratur, historie eller fagdidaktikk. Faget ser det som rett og viktig at alle held fram med sine samarbeid innan sine disiplinar. Meir enn **to-tre store forskingsprosjekt** på eit fag med (snart) fire faste førstestillingar ville også vera vanskeleg å handtera med tanke på kontinuitet i campusaktivitet. Det er difor ikkje planar om å søkja fleire store prosjekt i perioden.

Undervisning

Faget har få stabile undervisningsressursar som er til stades på campus og det er såleis vanskeleg å arbeida jamnt med utvikling av studieportefølje. Faget står også etter planen utan førstekompetanse i språk like etter at perioden for denne strategiplanen går ut, og vil dermed ikkje kunna tilby undervisning i lingvistikkk på 200- og 300-nivå eller rettleiing i lingvistikkk på BA-, MA- og PhD-nivå, og heller ikkje forskingsbasert undervisning i disiplinen. Dette påverkar naturleg nok utviklinga av studieporteføljen. Det same gjer store reformer som ny lektormodell og HF sitt studieporteføljeprojekt. Desse styrer i stor grad kva me må gjera utan at dette nødvendigvis er det fagmiljøet meiner er best for faget, og pålegg bruk av ekstra ressursar som t.d. 15 stp meir undervisning på lektorprogrammet. I ein periode er det også dobbel undervisning på gamal og ny lektormodell utan at ressursar er tilført.

Som før nemnt, underviser ein no på campus utelukkande på emne som er obligatoriske i BAHF-SPLA, MAHF-SPLA og ÅRHF-SPLA (same emna som i BAHF-SPLA) og MAHF-LÆFR. I tillegg har me eit online-tilbod gjennom det tidlegare KfK og EVU. Om lag halvparten av studiepoenga faget produserer på 100-nivå, kjem frå EVU-emna. **Faget ynskjer å vidareutvikla online-tilbodet til også å gjelda 200- og 300-nivå** og ser eit stort potensiale med tanke på å produsera endå fleire studiepoeng og også grader, men

dersom me skal forhalda oss berre til faste stillingar, at faget skal tilby det som før heitte KfK og at stillinga i språk forsvinn i 2029, er det ikkje mogeleg å utvida EVU-porteføljen slik det er no. Det er også EVU-emna som først må strykast dersom faget må kutta i undervisninga. Alle emne har ei minimumsundervisning som ligg langt under norma dei har på t.d. UiO (totalt 42 t/veka på 30 stp på UiO mot 28 t/veka hjå oss), og det er ikkje mogeleg å kutta ytterlegare.

Prioriteringar for framtidige tilsettingar

Faget ynskjer først og fremst å få **erstatta førsteamanuensisstillinga i spansk språk** som etter bemanningsplanen forsvinn i løpet av dei neste par åra. Utan ei slik stilling, vil ikkje spansk språk og latinamerikastudium på Institutt for framandspråk kunna tilby undervisning og rettleiing i språk/lingvistikk over 100-nivå og kan heller ikkje forska innan språkdisiplinen. Ideelt sett skulle faget i tillegg hatt ein 100% allround-lektor som kunne undervisa både på campus og online på innføringsemna og på 100-nivå. Dette ville gi ein mykje større grad av stabilitet og kontinuitet enn det me no opplever.

Konklusjon

Faget har fragmenterte undervisningsressursar og ein fragmentert studieportefølje. Det første gjer det vanskeleg å arbeida systematisk og kontinuerleg med studieporteføljen. Det andre gjer at me hausten 2025 var det faget på IF som hadde flest registrerte studentar. Det er dessutan usikkert korleis ressurssituasjonen vert framover. Men faget ynskjer:

- Å utvikla EVU-porteføljen på 200- og 300-nivå. Dette krev meir og meir stabile ressursar.
- Å få erstatta stillinga som skal trekkjast inn ved avgang seinast i 2029.
- Å styrkja undervisningsressursane med ein allround-universitetslektor.

Sak 5: Evaluering av ARK-prosessen og HMS-arbeidet ved instituttet i 2025

Institutttrådsmøte 3. desember 2025

Institutt for framandspråk

Universitetet i Bergen

EVALUERING AV ARK-PROSESSEN OG HMS-ARBEIDET VED INSTITUTTET I 2025

Denne evalueringa skisserer og vurderer ARK-undersøkinga og oppfølginga av ARK-undersøkinga ved Institutt for framandspråk (IF) i 2025. Det er samstundes naturleg å inkludera oppfølginga av tilsetjingssaka på arabisk i 2024, som til dels har vore fletta saman med ARK-oppfølginga. Arbeidet med HMS ved instituttet har sjølvstendig mange andre element òg, men desse er ikkje inkluderte i denne rapporten.

1. Føremål og bakgrunn

Den felles arbeidsmiljøundersøkinga, betre kjent i kortforma ARK, blir gjennomført kvart tredje år og inkluderer alle avdelingar ved UiB. Målet med ARK-prosessen er å kartleggja, utvikla og betra arbeidsmiljøet gjennom å involvera dei tilsette. Arbeidet er ein del av ei stor fellessatsing innanfor sektoren, der ARK-undersøkinga har vorte brukt ved 25 norske og nokre få svenske institusjonar. [ARK](#) vart lansert i 2013 og er forvalta av HR- og HMS-avdelinga ved Noregs teknisk-vitskaplege universitet (NTNU). Opplegget blir utvikla og justert kontinuerleg. Institutt for framandspråk deltok i undersøkinga i 2015, 2018, 2021 og no sist i 2025.

Parallelt og til dels vove inn i ARK-undersøkinga har instituttet arbeid med oppfølginga av den krevjande tilsetjingssaka på arabisk hausten 2024. Målet her har vore å byggja tillit internt ved instituttet og finna ein god veg vidare etter at sjølvstendige tilsetjingsprosessane vart avslutta.

2. Oversikt over arbeidet i 2025 – ei tidslinje

Denne tidslinja skisserer korleis instituttet har følgd opp ARK-undersøkinga og tilsetjingssaka i 2025.

JANUAR

29. januar: institutttrådet orientert om allmøta som har vore om arbeidsmiljøet, og om invitasjonen til å delta i mindre grupper organisert av HR-avdelinga ved fakultetet ([Orienteringssak 3A](#)).

FEBRUAR

Gruppesamtalar som oppfølging av tilsetjingssaka.

MARS

24. mars: spørjeundersøkinga (ARK) sendt ut til medarbeidarane.

APRIL

24. april: instituttet får oversendt rapportane med resultat frå spørjeundersøkinga.

MAI

7. mai: planleggingsmøte for det vidarearbeidet med instituttleiinga, verneombod, varaverneombod og administrasjonskonsulenten til stades.

14. mai: kartleggingsmøtet for alle tilsette ved IF. HR-avdelinga presenterer funna frå ARK-undersøkinga 2025, og dette blir følgt av gruppearbeid der dei tilsette drøftar og melder inn felt ved arbeidsmiljøet IF bør ta vare på, og felt instituttet bør bli betre på.

21. mai: planleggingsmøte for den vidare oppfølginga av ARK og gruppearbeidet etter tilsetjingssaka. Instituttleiinga, verneombod, varaverneombod, tidlegare verneombod og administrasjonskonsulenten ved instituttet deltek.

28. mai: instituttrådet orientert om oppfølginga av arbeidsmiljøet så langt i 2025, om tildelinga av 200 000 kroner frå fakultetet til arbeidsmiljøtiltak og om planane om spørjeundersøking, heildagssamling for heile instituttet og utvikling av fagstrategiar ([Sak 4](#)).

AUGUST

Instituttleiar, verneombod og administrasjonssjef svarar på spørjeskjema om ARK og korleis undersøkinga har fungert for dei ulike tilsettgruppene ved instituttet.

11. august: Rapport med oppsummering av ARK-arbeidet og gruppearbeidet etter tilsetjingssaka blir sendt ut til alle ved instituttet.

SEPTEMBER

3. september: instituttrådet orientert om status for arbeidsmiljøoppfølginga ved instituttet, inkludert planane om instituttkonferanse i november, at spørjeundersøkinga ved instituttet hausten 2024 ikkje blir gjennomført, men at det vil bli gjennomføra årlege spørjeundersøkingar dei åra det ikkje er ARK-undersøkingar (og første gong ved HF våren 2026).

24. september: tiltaksmøte for alle tilsette ved instituttet drøftar konkrete utfordringar og tiltak for arbeidsmiljøet.

OKTOBER

22. oktober: instituttrådet orientert om status for arbeidsmiljøet, inkludert det gjennomførte tiltaksmøtet (Orienteringssak 3D).

NOVEMBER

25. november: gjennomføring av instituttkonferansen for tilsette og studentar ved IF.

DESEMBER

3. desember: evalueringsrapport om arbeidet med ARK og arbeidsmiljøet lagt fram for instituttrådet.

3. Oppfølging av tilsetjingssaka

I etterkant av tilsetjingssaka på arabisk hausten 2024 vart det etablert ei arbeidsgruppe med mål om å styrkja arbeidsmiljøet ved instituttet. Gruppa har vore sett saman av instituttleiar Martin Paulsen, tidlegare verneombod Bente Hannisdal (til og med desember 2024), noverande verneombod (frå januar 2025, og tidlegare vara) Kjetil Berg Henjum, saman med administrasjonskonsulent og HMS-koordinator Susann Aga. Arbeidsgruppa har hatt jamlege møte og tett dialog gjennom året for å sikra framdrift og kontinuitet i arbeidet med å betra arbeidsmiljøet ved instituttet.

Arbeidsgruppa har gjennom året hatt jamleg kontakt med HR-avdelinga ved fakultetet, hovudverneombod og bedriftshelsetenesta ved UiB. Instituttleiar og vernetenesta har òg gjennomført individuelle samtalar med dei tilsette som har ønskt dette.

I november 2024 vart det arrangert eit uformelt allmøte for alle tilsette ved instituttet, initiert av vernetenesta og utan instituttleiinga til stades. I desember og januar følgde instituttleiar opp med to allmøte, der tilsette kunne senda inn spørsmål på førehand eller stilla dei direkte i plenum. Møta hadde godt oppmøte og engasjement, og det var mogleg å delta via Teams for dei som ikkje kunna stilla fysisk. Referat frå møta vart sendt ut i etterkant.

I februar 2025 arrangerte HR-avdelinga ved fakultetet gruppesamtalar om arbeidsmiljøet, samtalar som var opne for alle tilsette ved instituttet. Deltakarane kunne melde seg på og ta opp tema dei ønskte å diskutera i mindre grupper. Samtalane var ikkje avgrensa til tilsetjingssaka, men galdt heile arbeidsmiljøet.

Verneombod Kjetil Berg Henjum sende i august ut ei oppsummering av hovudpunkta frå gruppesamtalane kopla opp mot funn frå ARK-undersøkinga. Oppsummeringa vart presentert meir inngåande på tiltaksmøtet 24. september. Før tiltaksmøtet vart det òg delt eit samla oversyn over innspel og framlegg til tiltak frå både kartleggingsmøtet i mai (ARK-prosessen) og gruppesamtalane i regi av HR-avdelinga.

Arbeidsgruppa hadde opphavleg planlagt ei punktundersøking hausten 2025, men fakultetet rådde frå å gjennomføra ei slik undersøking. I staden får instituttet tilbod om individuell oppfølging til deltakarar i gruppesamtalane, og vi vil få ein forenkla versjon av ARK-undersøkinga våren 2026.

4. Prioriteringar, resultat og vidare oppfølging av ARK-undersøkinga

Tiltaksmøtet og gruppearbeidet der løfta fram viktig felt der instituttet kan bli betre, og det kom framlegg om ei rekkje konkrete enkelttiltak. Mange av innspela uttrykte ønske om betre **kommunikasjon**, betre **informasjon** og meir rom for **medverknad**. Her kom det kritiske innspel både til instituttet, til fakultetet og til samspelet mellom fakultetet og instituttet. Det vart etterlyst gode **møteplassar** både mellom fakultetet og instituttet og ved instituttet internt.

I tiltaksmøtet kom det opp mange idear og framlegg, og instituttleiinga har lagt diskusjonane i tiltaksmøtet til grunn for arbeidet med den vidare oppfølginga av ARK ved IF. Med utgangspunkt i

stikkorda kommunikasjon, informasjon, medverknad og møteplassar arbeider instituttleiinga med følgjande prioriterte tiltak hausten 2025:

- Instituttkonferansen 2025 er planlagt 25. november. Samlinga er tenkt som ein fagleg og sosial møteplass ved instituttet for å skapa fellesskap gje rom for utveksling av idear ved instituttet.
- Instituttleiinga har sett i gang eit arbeid med å få på plass eigne strategiplanar for alle faga. Planane blir lagt fram til drøfting og godkjenning på instituttrådsmøtet 3. desember, og ønsket er at dei tilsette på faga gjennom desse planane skal delta meir aktivt og systematisk i prioriteringane på faget framover.
- Tiltaksmøtet trekte fram korte høyringsfristar som eit problem som hindra reell medverknad for dei tilsette. Instituttleiinga vil ta opp dette direkte med fakultetet, og eventuelt vidare med UiB sentralt.
- Saksmengda og bunken av sakspapir til fakultetsstyremøta er ofte stor. Det er knapt med tid for representantane til å setja seg inn i sakene, og i praksis altfor kort tid til å involvera dei fakultetsstyremedlemane representarar, til ein meningsfull dialog. Instituttet vil kontakta fakultetet og be meir tid mellom utsending av sakspapir og møte.
- Tiltaksmøtet etterlyste meir informasjon om viktige pågåande prosessar, ikkje berre informasjon om resultat. Instituttleiinga vil, i tillegg til å bruka interne møte som før, leggja vekt på å informera om viktige interne prosessar i IF-nytt.
- Instituttet vil invitera fakultetsleiinga til dialogmøte med heile instituttet (allmøte).
- LES100 har skapt frustrasjon. Det har vore innvendingar mot den faglege tilnærminga, mot bruk av undervisningsressursar frå faga, og det har vore ønske om betre informasjonsflyt. Instituttleiinga vil halda god kontakt med fagkoordinatorane i prosesen framover og dessutan senda ut e-post til alle ved instituttet når vi har vesentleg oppdateringa å gje om LES100
- Lågterskel møteplassar er viktig for fellesskapet ved instituttet. Her er det på plass gode og velfungerande tiltak som utvida lunsj ein gong i månaden. Instituttet vil vidareføra desse og leggja til rette for gode nye initiativ til møteplassar, så langt vi er i stand til innanfor dei økonomiske rammene vi har.

5. Oppsummering

Instituttet har følgd opp store og omfattande HMS-prosessar i 2025. Det gjeld ikkje minst den treårlege ARK-undersøkinga, men òg oppfølginga av tilsetjingssaka på arabisk. Når det gjeld tilsetjingssaka, meiner vi instituttet no har kome eit langt steg i riktig retning frå der vi var i fjor haust, og dei tilsette på faget gjer ein stor jobb med å vidareutvikla og tilpassa arabiskfaget til utfordringane vi vil møta framover. ARK-prosessen følgjer i stor grad eit fastlagt mønster med spørjeundersøking, presentasjon av funn, utpeiking av felt vi vil ta vare på og felt vi vil betra, og deretter innhenting av meir konkrete framlegg som instituttleiinga får ansvaret for å følgja opp. Bruken av allmøte med gruppearbeid er den sentrale metoden i ARK-prosessen. Det er ting vi kunne ønskt oss annleis med sjølve undersøkinga og med presentasjonen av resultat. Ikkje minst burde presentasjonen gå lengre i å forklara funna, gje relevante samanlikningar og gje vink om kva som skil seg ut som gode og dårlege resultat. Når det gjeld oppfølginga av ARK-kartlegginga ved instituttet, synest likevel instituttleiinga denne har vore konstruktiv, god og ærleg. Dei tilsette har kome med mange gode innspel, som i stor grad ligg i skjæringspunktet mellom kommunikasjon, informasjonsbehov og ønsket om medverknad. Instituttleiinga

arbeider med å følgja opp dette gjennom konkrete tiltak, slik vi har skissert under punkt 4 over, og vi vil orientera instituttrådet jamleg om arbeidet.

Sak 6: Økonomiske sparetiltak ved instituttet

Institutttrådsmøte 3. desember 2025

Institutt for framandspråk

Universitetet i Bergen

Instituttleiinga inviterer med denne saka instituttrådet til å drøfta økonomiske innsparingar på driftsbudsjettet i 2026 og 2027. Instituttrådet skal vedta driftsbudsjett for 2026 på institutttrådsmøtet i januar, men sidan vi reknar med å måtta gjera store innsparingar, som vil setja tydelege fotavtrykk i drifta ved instituttet, ønskjer vi å leggja fram ei førebuande sak slik at rådet får betre tid til å drøfta og vurdere ulike innsparingar og konsekvensane av desse.

Drøftinga nedanfor gjeld berre *driftsbudsjettet ved instituttet*. Det er for så vidt ein mindre del av instituttet sin totaløkonomi. Den klart største delen av økonomien høyrer til på fakultetsbudsjettet, som inkluderer både løn til fast tilsette i vitskaplege og administrative stillingar og løn til stipendiatar.

Driftsbudsjettet ved instituttet er likevel viktig sidan det er her vi har dei disponible midlane vi kan bruka til eit breitt spekter av oppgåver. Det er her vi må finna pengar til innleige av vikarar og andre mellombels tilsette i undervisninga, honorar til sensorar, kjøp av data- og kontorutstyr, støtte til forskning og publisering, støtte til fagutval og til feltarbeid for masterstudentar, bevertning og arrangement, hms-tiltak, innkjøp av bøker - og så bortetter. Av dette er løn og honorar samla sett den klart største utgiftsposten. Løn og honorar inkluderer då innleigde vikarar, toarstillingar, faste delstillingar som framleis er dekkja av instituttet, eksamenssensorar, eksterne fagfellar («programsensorar») o.a.

Kvifor har vi problem med driftsbudsjetta våre i åra som kjem? Dei siste åra har vi klart utfordringane på driftsbudsjettet vårt rimeleg greitt, sjølv om vi heile vegen har hatt etter måten høge utgifter til løn og honorar. Grunnen til at vi likevel ikkje har enda opp med eit uhandterleg underskot er enkelt: store ekstraordinære inntekter i form av sluttgevinstar frå prosjekt. Først fekk vi milliongevinst frå Eksamensprosjektet på engelsk (2023), så frå Nasjonale prøvar i engelsk (2024) og no i år frå Kompetanse for kvalitet.

Vi vil ikkje få slike ekstraordinære sluttinntekter frå prosjekt i 2026 og 2027. Det er hovudgrunnen til at økonomien vår på instituttet blir langt tøffare. I tillegg skjer dette i ein situasjon der fakultetet må redusere utgifter – både gjennom stillingskutt og redusert pengebruk – og fakultetet har krympa løyvinga til driftsbudsjetta ved institutta, som ein del av arbeidet med å sikra lønskostnadane som ligg på fakultetet. Året 2026 slår dessutan den nye modellen for resultatfordeling ekstra dårleg ut for IF på grunn av svake gjennomføringstal på studiesida. Og, som om ikkje alt dette var nok, har fakultetet innført ein ny modell for eksternfinansierte inntekter, som m.a. fører til at ein del av den sluttgevinsten som gjekk til institutt-budsjettet tidlegare, no endar opp på fakultetet (riktig nok med ei overgangsordning i 2025).

Dermed er det eit stort gap mellom inntektssida i driftsbudsjettet vårt ved i 2026 og dei utgiftene vi normalt har gjennom eit år. Budsjettsskissene frå fakultetet peikar på om lag 2 millionar i sprik mellom løyvingar/inntekter på den eine sida og forventa utgifter på den andre. Her er det eit par usikre moment som må nemnast: Fakultetet gjer budsjettvedtaket sitt på møtet 9. desember, og fram til dess kan vi ikkje vita heilt sikkert kor stor løyving IF får. Kanskje kan vi håpa på ei viss

ekstra støtte til m.a. IF i 2026 sidan det negative utslaget på driftsbudsjettet vårt er så stort – men fakultetet har neppe store summar dei kan omdirigera. Viktigare er det nok at instituttet vil ha med seg eit overskot frå 2025 til 2026, ein rest av den store gevinsten frå vidareutdanningstilboda på Kfk. Prognosane for i år har betra seg utover hausten, og kan henda har vi så mykje som éin million med oss av overføringar inn i 2026-budsjettet. Det er i så fall til veldig god hjelp. Men det er ikkje nok når den skisserte gapet mellom inntekter og utgifter er dobbelt så stort. I tillegg kjem det at dette overskotet vil bli brukt opp i 2026, slik at det er heilt urealistisk å rekna med at vi har med oss eit overskot inn i 2027. Grip vi ikkje fatt i utfordringane no på 2026-budsjettet, blir derfor 2027-budsjettet endå vanskelegare å handtera.

Det finst to vegar til balanse i budsjettet. Den eine er auka løyvingar og inntekter, den andre er kutt i utgiftene. Slik økonomien er på fakultetsnivået, kan vi ikkje basera oss på auka løyvingar. Derimot kan vi på sikt auka inntektene på studiesida gjennom å rekruttera fleire studentar og få fleire av dei til å gjennomføra på normert tid, eller å få kvar student til å ta fleire studiepoeng. Vi kan òg halda fram arbeidet for vekst i inntektene frå eksternfinansierte forskingsprosjekt. Eit NFR- eller ERC-prosjekt vil tilføra instituttet nokre hundretusen i pluss årleg. Instituttet jobbar godt med å få fram sterke prosjektsøknader, men vi kan ikkje rekna med nemneverdige utslag i driftsbudsjettet allereie i 2026. Om vi får tilslag på eitt eller to større prosjekt, kan vi styrka inntektssida i 2027.

Instituttet må derfor gjera store reduksjonar på utgiftssida i driftsbudsjettet i 2026 og 2027. Resten av denne drøftinga skisserer nokre moglege innsparingar og omfanget av desse.

Framlegg til innsparingar

I tabellen nedanfor er det skissert moglege innsparingar i driftsbudsjettet ved IF dei to neste åra. Utgangspunktet er utgiftene vi har til desse postane no i 2025. I nokre tilfelle er tala for 2025 den eksakte utgifta instituttet har på denne posten i år, i andre tilfelle er det ført opp ein forventa og litt meir omtrentleg sum, m.a. fordi vi ikkje kjenner den eksakte summen før rekneskapen for 2025 er avslutta. I prinsippet kan ein tenkja seg å gjennomføra alle kutt-framlegga nedanfor, ein kan gjennomføra berre nokre av dei, og vi kan supplera med tilleggskutt. Dette vil vi koma tilbake til når vi skal drøfta og vedta driftsbudsjett for IF i 2026.

SPARETILTAK	2025	2026	2027
Støtte til språkoppald i Granada (ordinære studentar)	11 738	0	0
Støtte til språkoppald i Granada (Kfk-studentar)	36 254	0	0
Reiseleiarar for studentar i York	54 017	55 000	0
Utgifter til toarstilling - italiensk	175 000	0	0
Utgifter til toarstilling - engelsk	0	250 000	0
Kutt av ekstern sensor - engelsk	54 427	0	0
Kutt av ekstern sensor - fransk	19 767	0	0
Kutt av ekstern sensor - italiensk	34 480	0	0
Kutt av ekstern sensor - russisk	11 433	0	0
Kutt av ekstern sensor - spansk	56 917	0	0
Kutt av ekstern sensor - tysk	73 274	0	0
Avvikla støtte til bokpresentasjonar	5 000	0	0
Utmelding av den nasjonale TBLR-forskaraskulen	35 000	0	0

Halvera støtte til sommaravslutning og juleavslutning	50 554	25 000	25 000
Driftsmidlar instituttlear/instituttleiinga	150 000	75 000	75 000
Støtte til gjesteforelesarar	25 000	10 000	10 000
Forskningsstøtte frå instituttet	300 000	0	0
Individuelle driftsmidlar til vitskapleg tilsette	90 000	45 000	45 000
Støtte til administrativ kompetanseutvikling	51 000	20 000	20 000
TOTALT	1 233 861	480 000	175 000

Dersom instituttet gjennomfører alle kuttframlegga over, reduserer vi dei årlege utgiftene våre med rundt 750 000 kroner i 2026. Tek fakultetet på seg å finansiera toarstillinga på engelsk, som går fram til årsskiftet 2026/2027, blir den samla innsparinga på kring ein million – og kanskje litt i overkant av ein million kroner dersom vi i tillegg får til ein del innsparingar som det ikkje har vore så enkelt å få talfesta i denne omgang (t.d. støtte til servering og bevertning ved ulike arrangement).

Nedanfor følgjer utfyllande kommentarar til dei ulike enkeltpostane.

I motsetnad til engelsk, fransk, tysk og russisk, har ikkje spanskfaget hatt noko studiesenter eller annan institusjon i utlandet der vi har sendt studentane på kortvarige opphald for å få språkleg trening. Vårsemesteret i år prøvde vi oss med eit tilbod om **språkoppald i Granada**. Det var svært få studentar som deltok i dette opplegget, og det er uansett ikkje planar om å føra vidare tilbodet.

Spanskstudentane på **Kfk** (vidareutdanninga Kompetanse for kvalitet) har fleire år hatt ei **utveksling til Granada**. Dette har så langt vi kjenner til fungert godt, men vi er ikkje forplikta til å halda fram med denne korttidsutvekslinga på det nettbaserte lærarutdannings-tilbodet.

IF sender engelskstudentar på **språkoppald ved det norske studiesenteret i York**. Her har det vore ei forventning om at instituttet sender med tilsette som kan vera til stades i York begge vekene studentane er der. Utgiftene våre til ei slik ordning er relativt høge. Universitetet i Oslo (UiO) har studentar i York samstundes med oss. Vi har kontakta Oslo med spørsmål om vi kan gå saman om ei ordning der vi deler på ansvaret og ikkje treng å ha to personar – ein frå UiB og ein frå UiO – i York samstundes. UiO ønskjer å halda fram som no med å ha representant frå Oslo til stades heile perioden på to veker. IF bør kutta ut ordninga med å senda tilsette med studentane til York. Vi sender trass alt studentar til Caen, Kiel og Kasakhstan utan at det følgjer med tilsette. Kontakt mellom studentane i York og oss kan ordnast digitalt.

Italienskfaget er forespegla ei tredje stilling gjennom småfagsordninga, som er initiert av UiB sentralt. Det ser likevel ikkje ut til at vi får tilsetja i den nye stillinga før vi nærmar oss slutten av opptappingsperioden for småfags-ordninga om nokre år. Instituttet har derfor finansiert ei **toarstilling på italiensk** (20 prosent) for å hjelpe faget med å ta litt av støyten på undervisningssida medan vi ventar på den nye stillinga. Fakultetet har lova å overta finansieringa av denne toarstillinga frå og med 2026.

Instituttet har fått finansiering til ei **toarstilling på engelsk**, som kompenserer for undervisninga til Joseph Tabbi. Denne attåtstillinga (20 prosent) varer ut året 2026, og vi har så langt ikkje fått nokon lovnad om at fakultetet vil finansiera stillinga i 2026. Her har vi likevel eit håp om at fakultetet legg inn finansiering, slik at vi slepp den skisserte utgifta på 250 000 kroner til neste år.

Vi har dessutan prøvd å rekna på kor mykje vi kan spara med ei

omlegging frå to

eksamenssensorar til éin.

Dette er sjølv sagt ikkje berre eit ressurs spørsmål, men òg eit fagleg spørsmål, og gjennomgangen her handlar berre om finansiering og ressursar. Regelverket krev to eksamenssensorar på emne som har 15 studiepoeng eller meir, på munnleg eksamen, på masteroppgåver og bacheloroppgåver og på klagesaker. På andre emne får vi

lov til å redusera frå ein til to eksamenssensorar. AHKR har allereie lagt om til éin sensor der det er mogleg. Hjå oss har engelskfaget på nokre emne innført ei ordning med berre ein kommisjonsmedlem i sensureringa. Oppsettet til høgre viser forventta innsparingar ved IF ved ei slik omlegging. Dei faktiske sensurtimeane er lagt til grunn for våren 2025; for haustsemesteret har vi estimert ressursbruken. Sjølv om timeane og summane i tabellen ikkje er heilt eksakte, reknar vi med dei treff rimeleg godt.

FAG	SPARING: TIMAR	SPARING: KRONER
ARABISK	144	0
ENGELSK	241	54 427
FRANSK	324	19 767
ITALIENSK	160	34 480
JAPANSK	356	0
KINESISK	110	0
RUSSISK	0	11 433
SPANSK	332	56 917
TYSK	4	73 274
TIL SAMAN	1541	250 298

Kartlegginga viser at instituttet kan spara inn om lag 250 000 kroner årleg på ein overgang frå to sensorar til ein. Her er det altså snakk om å spara pengar gjennom å kutta ut den *eksterne* sensoren. Det vil vera ei relativt stor innsparing på driftsbudsjettet vårt. Samstundes vil utbyttet vera langt større av å kutta ut ein av dei *interne* sensorane på eksamenar der vi brukar to interne sensorar. Som tabellen viser, vil vi her kunna spara inn 1541 timar. Det svarar til undervisningsdelen i to heile stillingar. Innsparingane gjennom reduksjon i intern sensorbruk vil derfor kunna frigjera ressursar til andre former for undervisning. Særleg på fag som fransk, japansk og spansk vil faget bli tilført verdifulle timar til andre undervisningsoppgåver. Litt av denne timeressursen vil sannsynlegvis gå med til ei «sikringsordningar» knytt til ei omlegging til berre ein sensor, men det vil i så fall berre gjelda ein mindre del av timeane.

Instituttet har stilt støtte til **bokpresentasjonar**, vanlegvis inntil 5000 kroner per presentasjon. Normalt er det ikkje snakk om meir enn ein eller kanskje to slike arrangement årleg.

Årskontingenten vår til den nasjonale **TBLR-forskaraskulen** er på 35 000 kroner. Melder vi oss ut herifrå, vil det òg påverka tilbodet til stipendiatane våre på litteraturdisiplinen.

Ei halvert **støtte til sommar- og juleavslutning**, vil summera seg opp til minst 25 000 kroner, sannsynlegvis meir. Eit endå kraftigare kutt her, vil vera å fjerna all instituttstøtte til slike samlingar.

Heilt sidan samanslåinga av institutta i 2007, har det vore sett av ein eigen pott med driftsmidlar til instituttleiar. Summen på 150 000 har ved IF vore vidarefordelt med 20 000 til undervisningskoordinator, 20 000 til forskingskoordinator og resten til instituttleiar. I framlegget over er det lagt inn ei halvering av desse midlane. Endå meir drastiske kutt kan òg tenkjast.

IF set ikkje av mykje pengar til inviterte **gjesteforelesarar**. Summen er ytterlegare redusert i framlegget til budsjett for neste år. Gjesteforelesarar må i så fall hentast inn v.h.a. prosjektmidlar, støtte frå Bergen universitetsfond el.a.

Summen som er sett av til **forskningsstøtte ved IF** i 2025, dvs. 300 000 kroner, er allereie redusert samanlikna med tidlegare. I framlegget over for 2026 er heile summen kutta ut. Dermed må dei vitskapleg tilsette basera seg på finansiering frå Meltzer, Universitetsfondet mm, og dessutan på eigne prosjektmidlar, for dei som har dette. Denne innsparinga vil slå negativt ut ikkje minst for dei som treng støtte til å delta på forskingskonferansar.

Vitskapleg tilsette disponerer i dag 3000 kroner året i **individuelle driftsmidlar** til bokkjøp o.a. Summen er halvert i framlegget over.

Summen til **administrativ kompetanseutvikling** går til kurs, samlingar og konferansar for tilsette i administrasjonen. Forbruket i år er relativt høgt på denne posten.

Oppsummering

Instituttet reknar med å måtta gjera kraftige innsparingar i driftsbudsjettet dei to neste åra, og instituttrådet blir invitert til å drøfta dei konkrete framlegga til innsparingar som er skisserte over. Innsparingane summerer seg til rundt 750 000 kroner i 2026, eventuelt til rundt 1 million dersom toarstillinga på engelsk blir dekkja av fakultetet. Den reelle innsparinga blir likevel gjerne litt lågare enn dette sidan avsetningane på enkelte av budsjettpostane heller ikkje i dag blir nytta fullt ut.

Det eksakte sparebehovet veit vi meir om etter at fakultetsstyret har gjort budsjettvedtaket sitt 9. desember. Instituttrådet skal vedta budsjett for 2026 på møtet i januar.

Det bør leggjast til at visse utgifter på driftsbudsjettet ikkje er inkluderte i drøftinga over. Grunnen er stort sett at vi ikkje meiner vi *kan* kutta ut desse utlegga. Dette gjeld m.a. grunnleggjande hms-tiltak, innkjøp av datautstyr, innkjøp av rekvisita, utgifter knytt til meisterklassar og til disputasar – for å nemna nokre slike utgiftspostar.